

## Tabell C-fk

### Saker med særskild fordeling. Fylkeskommunane

Følgjande enkeltsaker ligg i tabell C i 2016:

Kol.	Sak	Departement	Beløp i 1 000 kr
1	Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	SD	1 230 492
2	Kompensasjon forskrift om tunnelsikkerhet	SD	279 344
3	Kompensasjon auke i CO <sub>2</sub> -avgifta	SD	2 027
4	Ferjeavløysing	SD	95 300
5	Vegadministrasjon, Oslo	SD	8 450
3	Fagskular	KD	418 919
4	Tilskot til barnevern, Oslo	BLD	559 054
5	Kompensasjon for endringar i inntektssystemet	KMD	195 000
6	<b>Sum</b>		<b>2 788 586</b>

#### **Kolonne 1 – Styrking av rammetilskotet som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet**

I saldert budsjett 2014 blei rammetilskotet til fylkeskommunane styrka med 780 mill. kroner, som kan nyttast til å fornye og ruste opp fylkesvegnettet. Ordninga blei vidareført og trappa opp med 200 mill. kroner i 2015. Beløpet for 2015 er prisjustert.

I 2016 vert ordninga trappa ytterlegare opp med 200 mill. kroner. Av desse er 15 mill. kroner tildelt Buskerud fylkeskommune til trafikktryggleikstiltak langs FV 155 ved minnestaden på Sørbråten ved Utøya. 185 mill. kroner er fordelt mellom fylkeskommunane på same måte som i 2015.

#### **Kolonne 2 – Kompensasjon for meirutgifter knytt til iverksetjing av tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesvegar**

Frå 2015 er fylkeskommunane kompenserte for meirutgifter ved forskrift om minimum tryggleikskrav til visse vegg tunnelar for fylkesveg og kommunal veg i Oslo (tunnelsikkerheitsforskrift for fylkesveg mv.). 2015-beløpet er prisjustert.

#### **Kolonne 3 – Kompensasjon for auke i CO<sub>2</sub>-avgifta**

Det blei i revidert nasjonalbudsjett for 2015 gitt 1 mill. kroner i kompensasjon til fylkeskommunane i samband med vedtak om auke i CO<sub>2</sub>-avgifta på LPG og naturgass frå 1. juli 2015. Beløpet er i 2016 vidareført med heilarseffekt og prisjustert.

#### **Kolonne 4 – Ferjeavløysing**

I 2015 vart midlar til ferjeavløysingsprosjekt som fylkeskommunane overtok frå staten i samband med forvaltningsreforma i 2010 lagt inn i utgiftsutjamninga. Frå 2016 vert ferjeavløysingsmidlar for åtte ferjeavløysingsprosjekt på nytt lagt i tabell C, jf. kommuneopposisjonen for 2016. Prosjekta får eit beløp tilsvarende dei beløpa ei

ferjeavløysingsordning for riksvegferger ville gitt i 2016. Tal frå Samferdselsdepartementet/Vegdirektoratet. Sjå innleiinga til Grønt hefte for nærmere omtale.

### **Kolonne 5 – Vegadministrasjon Oslo**

Ordninga med sams vegadministrasjon etter forvaltningsreforma inneber at staten og fylkeskommunane gjer bruk av den same vegadministrasjonen på regionalt nivå til å utføre riks- og fylkesvegoppgåver etter veglova. Oslo kan ikkje nytte felles vegadministrasjon, men må byggje opp eigen administrasjon. I 2014 og 2015 mottok Oslo hhv. 7,9 og 8,23 mill. kroner i skjønsmidler til vegadministrasjon. I 2016 er 8,45 mill. kroner lagt inn i tabell C.

### **Kolonne 6 – Fagskulær**

I samband med forvaltningsreforma blei drifts- og finansieringsansvaret for fagskulane overførte til fylkeskommunane, og tilskotet blei innlemma i inntektssystemet. For åra 2010 til 2015 blei det gjort ei særskild fordeling av tilskotet utanfor utgiftsutjamninga på bakgrunn av talet på registrerte fagskulestudentar. Det er i statsbudsjettet for 2016 gjort framlegg om at tilskotet òg i 2016 blir fordelt særskild basert på rapporterte studenttal. Grunnlagstala er oppdaterte, slik at talet på registrerte fagskulestudentar hausten 2014 er lagt til grunn for fordelinga av midlar i 2016 til dei fylkeskommunalt finansierte fagskuleutdanningane.

### **Kolonne 7 – Tilskot til barnevern o.a., Oslo**

Den delen av det tidlegare hovudstadstilskotet som er grunngjeve i Oslo sitt ansvar for den delen av barnevernet som blei gjort statleg i 2004, er gitt ei særskild fordeling i tabell C. I 2015 blei det lagt inn 400 000 kroner til kompetansestyrking om barn og unges psykiske helse, 10 mill. kroner til styrking av barnevernet i Oslo og 14 mill. kroner til kjøp av plasser frå ideelle sentre for foreldre og barn. Beløpet for 2015 er prisjustert.

I tillegg vert det løyva 6,7 mill. kroner til styrking av barnevernet i Oslo, basert på framskriven vekst i talet på barn under 18 år. SSB har anslått veksten i 1-18-åringar i Oslo frå januar 2015 til januar 2016 til 1,3 pst.

### **Kolonne 8 – Kompensasjon for endringar i inntektssystemet**

For å lette overgangen til nytt inntektssystem blei det i statsbudsjettet for 2015 gitt ein ekstra tapskompensasjon på til saman 125 mill. kroner til fylkeskommunar som tapte meir enn 200 kroner per innbyggjar på fordelingsverknaden av ny kostnadsnøkkel/innlemming av saker med særskild fordeling. I saldert budsjett blei det gitt 20 mill. kroner ekstra til fylkeskommuner som tapte meir enn 500 kroner per innbyggjar og 40 mill. kroner ekstra til fylkeskommunar som tapte meir enn 700 kroner per innbyggjar. I revidert nasjonalbudsjett blei det gitt ytterlegare 10 mill. kroner, fordelt slik at fylkeskommuner som tapte meir enn 700 kroner per innbyggjar blei løfta opp til 98,5 pst. kompensasjon av førsteårstapet, mens resten blei fordelt til fylkeskommunar som tapte mellom 500 og 700 kroner per innbyggjar. I 2016 er samla beløp på 195 mill. kroner vidareført nominelt.

I samband med at ferjeavløysingsmidlar er flytta over til tabell C frå og med 2016 er systemverknaden og overgangsordninga rekna ut på nytt (tabell B-fk). Tapskompensasjonen for 2016 er rekna ut med utgangspunkt i kompensasjonsgraden av førsteårstapet. Med ny

berekna systemverknad ville same kompensasjongrad som etter revidert nasjonalbudsjett for 2015 gi eit samla beløp på noko over 195 mill. kroner. Fylkeskommunane som mottek tapskompensasjon er difor justert ned med same faktor. Med ny tapskompensasjon er fylkeskommunar som tapar mellom 200 og 500 kroner per innbyggjar kompenserte med 56,0 pst. av førsteårstapet, fylkeskommunar som taper mellom 500 og 700 kroner per innbyggjar er kompenserte med 84,3 pst. av førsteårstapet, mens fylkeskommunar som tapar over 700 kroner per innbyggjar er kompenserte med 97,5 pst. av førsteårstapet.

### **Kolonne 9 – Sum saker med særskild fordeling**

Sum av kolonne 1–8. Summen er nytta i tabell 2-fk, kolonne 3.